

Kort fortalt

Saka sagt med éi setning:

Kommunestyret blir bede om å vedta oppdatert eigarskapsmelding for perioden 2023 - 2027.

Bakgrunn for saka:

Kommuneloven krev at kommunane har plikt til å legge fram ei eigarskapsmelding i kvar kommunestyreperiode. Dette er gjort for å auke merksemda om eigarskap i

Kommunane. Denne oppdaterte eigarskapsmeldinga byggjer på Eigarskapsmelding for perioden 2020 – 2023. Denne omhandlar kva Hå kommune har eigarinteresser i og korleis dette blir tatt vare på.



Saksnummer	Utval	Møtedato
028/25	Formannskapet	10.06.2025
032/25	Kommunestyret	19.06.2025

Saksbehandlar: Bente C. Iversen

Sak - journalpost: 17/1954 - 17

Eigarskapsmelding for Hå kommune 2023 - 2027

Kommunedirektøren si innstilling:

Eigarskapsmeldinga for perioden 2023 - 2027 blir vedtatt.

10.06.2025 Formannskapet

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteke.

FS- 028/25 Vedtak:

Eigarskapsmeldinga for perioden 2023 - 2027 blir vedtatt.

19.06.2025 Kommunestyret

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteke.

KS- 032/25 Vedtak:

Eigarskapsmeldinga for perioden 2023 - 2027 blir vedtatt.

Saksframlegg:

Kommunane har stor fridom til å organisere si eiga verksemd. Denne moglegheita har kommunane m.a. brukt til å legge kommunal verksemd til eigne selskap o.l. Når kommunane skil ut verksemd i sjølvstendige selskap og føretak, endrar den politiske styringa seg frå forvaltningsstyring til eigarstyring. Å trekke opp prinsipp for denne styringa er hovudtema for dette dokumentet.

Ein heilskapleg eigarskapsstrategi er med og legg grunnlaget for ei god og effektiv forvaltning av kommunen sine eigarinteresser i selskap, som kva for krav og forventningar kommunen skal stilla.



Dette kan vere til økonomiske resultat, men også til at selskapet tar samfunnsansvar og driv verksemda i tråd med etiske retningslinjer.

Dokumentet byggjer på Eigarskapsmelding for perioden 2020 – 2023 (vedlagt) og dei viktigaste endringane er:

- Kap. 2.2 «Kommunale selskapsformer og andre selskapsformer»: Har slått saman beskrivingar (ikkje både namn og så beskriving)
- Kap 2.4 «Ulike organisasjonsformar» har fått inn tidlegare kapittel 2.5 «Roller og ansvar». Mykje sto dobbelt.
- Kap 2.5 er nytt og omtalar rollene til dei ulike aktørane.
- Kap 2.16 «Politiske avklaringar er tatt ut». Dette er dekkja i nytt 2.5 pluss strategi nr 16
- Kap 3.1 Eigarskapsstrategiane – har tatt ut oppsummeringen (tilsvarende som i kap 2.2)

Eigarandelar er oppdatert. Jæren Recovery College og legevaktssamarbeidet er kome med, men til informasjon så er Jæren Recovery College under avvikling,

Vedlegg:

Hå kommune si eigarskapsmelding 2023 - 2027

Eigarskapsmelding Hå kommune 2020 - 2023